

Småkraftverk på høyring til våren

19.10.2012

Endeleg skjer det noko også med dei 3 småkraftverkprosjekta i Uskedalen. Dei er blant 13 slike prosjekt i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang som NVE har starta søknadshandsaming av og som vil bli sendt på høyring i løpet av våren 2013.

NVE strekar under at prosjekta ikkje har vore gjennom deira kvalitetssikring, men førebels berre føreligg som søknadsutkast. Kvalitetssikringa fører erfaringsmessig til ein del endringar av søknadane.

Førebels ynskjer NVE ingen attendemeldingar frå høyringsinstansane men kommuner, fylkeskommune og fylkesmann får mogelegheit til å befara området

i forkant av høyringsrunden.

Dei 3 prosjekta her i bygda er Børsdalselva, Tverrelva og Eikeelva kraftverker.

Av Ola Matti Mathisen